

Fra: Bjørn Inge Midtgård (Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)
Sendt: 19.02.2016 14:37:30
Til: Einar Lutro
Kopi: Beate Bergsholm; Ingeborg Borgen Takle; Thorbjørn Aarethun

Emne: Hardangerbrua AS - vedtektsendring
Vedlegg: image001.png

Hei!

Då fylkestinget 10.3.2015 handsama saka «Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse. Retningsliner» - og gjorde slikt vedtak:

«Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning - Styrerepresentasjon og kompetanse med retningsliner slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet»,

slutta fylkestinget seg til arbeidsutvalet si innstilling, der det mellom anna står at:

"I selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten skal styret som hovudregel ha 5 medlemmer. Frå valperioden 2015 – 2019 skal styret i Hardangerbrua AS ha 3 medlemmer ".

Ved ein inkurie i samband med mannskapskifte i fylkesadministrasjonen, ser det ut til at dette vedtaket ikkje er blitt formidla til Hardangerbrua AS.

Me ber om at det vert gjort vedtektsendring på neste generalforsamling. Fylkeskommunen vil då ha 2 av dei 3 styremedlemmene. Noverande styre held fram til vedtektsendring er gjort. Me vil informera dei «styremedlemmene» som fylkeskommunen oppnemnte 8.12.2015 om at det er gjort ein feil og at dei dermed ikkje er valde til Hardangerbrua AS. Når vedtektsendringane er gjort, må fylkestinget ev. fylkesutvalet oppnemna nye styremedlemmer frå HFK. Hardangerbrua må så ha ei ny generalforsamling for å velje styret.

Kontaktinfo HFK gjeldande styreval: Ingeborg Borgen Takle, Tlf. 55 23 92 81

Kontaktinfo HFK gjeldande eigarstyring: Beate Bergsholm, Tlf. 55 27 80 19

Med helsing
Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----
Fra: Bjørn Inge Midtgård

Sendt: 11. februar 2016 09:00
Til: Einar Lutro
Kopi: Beate Bergsholm
Emne: SV: Frå 4 til 3?

Eg sjekkar etter.

Bjørn Inge

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Hardangerbrua [mailto:hardangerbrua@lofthus.no]

Sendt: 11. februar 2016 08:58

Til: Bjørn Inge Midtgård

Emne: SV: Frå 4 til 3?

Nei, kjenner ikkje til at nokon av dei andre har gjort noko som helst. Er dei blitt orientert om kva fylket som majoritetseigar har gjort i denne samanhengen ?

Einar

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Inge Midtgård [mailto:Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no]

Sendt: 11. februar 2016 08:49

Til: Einar Lutro <hardangerbrua@lofthus.no>

Emne: SV: Frå 4 til 3?

Hei, kjenner du til om dei andre eigarane (Bergen og kommunane nær brua) har innstilt kandidatar til styret ?

Helsing

Bjørn Inge Midtgård

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Hardangerbrua [mailto:hardangerbrua@lofthus.no]

Sendt: 11. februar 2016 08:36

Til: Bjørn Inge Midtgård

Kopi: Ingrid Kristine Holm Svendsen; Nils Egil Vetlesand; Rune Haugsdal

Emne: SV: Frå 4 til 3?

Hei

Takk for mail. Grei oppsummering. Det er det same vi har registrert, og som vi ber om avklaring på.

Skal ha styremøte den 17.02. der vi har lagt opp til å drøfta korleis vi innrettar oss etter valet på årsmøtet. Neste styremøte blir i mai og er førebuande for generalforsamling i juni. Vonar vi kan få naudsynte avklaringar i god tid, slik at valnemda kan få gi sin innstilling.

Helsing Einar Lutro

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Inge Midtgård [mailto:Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no]

Sendt: 10. februar 2016 18:54

Til: Einar Lutro <hardangerbrua@lofthus.no>

Kopi: Ingrid Kristine Holm Svendsen <Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no>;

Nils Egil Vetlesand <Nils.Egil.Vetlesand@hfk.no>; Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>

Emne: Frå 4 til 3?

Hei!

Jfr. møtet før i dag. Eg har nøsta litt vidare:

Fylkestinget handsama 10.3.2015 «Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse. Retningslinjer» og gjorde mellom anna slikt vedtak:

«Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning - Styrerepresentasjon og kompetanse med retningslinjer slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet»

Frå rapporten til det politiske arbeidsutvalet:

«I brev frå Statens vegvesen 27.01.2014 vert det meldt om at vegdirektoratet har stilt spørsmål ved om talet styremedlemer i Hardangerbrua AS står i høve til selskapet sine oppgåver.

Styret i Hardangerbrua AS har 7 medlemer. For selskap der fylkeskommunen har alle eller majoriteten av aksjane er hovudregelen fem medlemer. Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS og Osterøy Bruselskap AS hadde også 7 medlemer i styret. Desse selskapa er no avvikla/under avvikling. Styrehonorara for Hardangerbrua AS er lågare enn snittet i Hordaland. Ein reduksjon frå 7 til

5 styremedlemer - der fylkeskommunen utnemner 3 - vil gje minimale innsparingar. Vinsten ligg heller iverdien av tida som vert frigjort for dei som sluttar i styret. Det er også mogleg å erstatta styret med eit «profesjonelt styre», endra aksjefordelinga eller venta med å gjera noko i påvente av nærmare avklaringar om etablering av eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

Vurdering

Arbeidsutvalet vurderer det slik at det ikkje er behov for å setja i gang endringar no, under føresetnad av at eit regionalt bompengeselskap vert etablert innan rimeleg tid. Skulle eit felles bompengeselskap ikkje vera etablert innan ny valperiode tek til hausten 2015, vert det vald eit styre med 3 medlemer for Hardangerbrua AS. På generelt grunnlag vil arbeidsutvalet rå til at fylkeskommunale selskap og selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten, som den store hovudregelen skal ha 5 styremedlemer. Dersom det skulle liggja føre særlege høve som gjer at det er behov for eit større styr, kan det vurderast konkret i det aktuelle tilfellet. For enkelte område kan det vera føremålstenleg å ha eit mindre styre med 3 medlemer. Dette bør vurderast på grunnlag av selskapet sine oppgåver.»

På grunnlag av dette vedtaket oppnemnte fylkestinget 8.12.2015 3 styremedlemmer til Hardangerbrua AS:

Medlemer

1. Jonny Håvik A
2. Solfrid Borge Sp
3. Einar Lutro H

Leiar: Solfrid Borge

Varamedlemer

1. Øyvind Hardeland A
2. Torill Selsvold Nyborg KrF
3. Stein Inge Ryssdal H

I vedtektene for Hardangerbrua AS står det at:

Selskapet sitt styre skal vera på 7 medlemmer og 7 personlege varamedlemmer.

Styremedlemmene skal oppnevnt slik:

4 representantar vert oppnevnt av Hordaland fylkeskommune

1 representant vert oppnevnt av Bergen kommune

2 representantar vert oppnevnt av dei andre aksjonærane, Eidfjord, Granvin, Kvam,

Ullensvang, Ulvik og Voss kommune.

Eg kjem tilbake med meir info når eg finn meir ut om korleis FT vedtaket frå mars 2015 var tenkt implementert i høve til naudsynte vedtektsendringar - og om det totale talet på styremedlemmer er tenkt, frå HFK si side, å verta 3,

5 eller 6.

Etter aksjelova vel styret sjølv leiaren sin når denne ikkje er valt av generalforsamlinga. Dagleg leiar vert tilsett av styret om det ikkje er bestemt i vedtektene at dette skal gjerast av generalforsamlinga, noko som ikkje er gjort i vedtektene til Hardangerbrua AS. Problematikken kombinasjonen styreleiar/dagleg leiar i høve til fylkestinget si nye innstilling på leiar, skal me også sjå nærmare på.

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen

Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

